

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2019/62**2020/EØS/7/59****av 19. desember 2018****om det sektorvise referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet for bilindustrien i medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF⁽¹⁾, særleg artikkel 46 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av (EF) nr. 1221/2009 er Kommisjonen plikta til å utarbeide sektorvise referansedokument for spesifikke økonomiske sektorar. Dokumenta skal innehalde opplysningar om beste miljøstyringspraksis, indikatorar for miljøprestasjon og, dersom det er relevant, standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet og klassifiseringsordningar som slår fast nivåa for miljøprestasjon. Organisasjonar som er registrerte eller er i ferd med å registrere seg i miljøstyrings- og miljørevisjonsordninga som vart innført ved forordning (EF) nr. 1221/2009, skal ta omsyn til desse dokumenta når dei utarbeider miljøstyringssystemet sitt, og når dei vurderer sin eigen miljøprestasjon i miljøfråsegna eller den ajourførte miljøfråsegna si, som er utarbeidd i samsvar med vedlegg IV til den nemnde forordninga.
- 2) I medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 skal Kommisjonen utarbeide ein arbeidsplan med ei rettleiande liste over sektorar som kan reknast for å ha prioritet for vedtakinga av sektorvise og sektorovergripande referansedokument. I kommisjonsmeldinga om innføring av ein arbeidsplan med ei rettleiande liste over sektorar som det skal vedtakast sektorvise og sektorovergripande referansedokument for, i medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽²⁾, vart bilindustrien utpeikt som ein prioritert sektor.
- 3) Det sektorvise referansedokumentet for bilindustrien bør leggje vekt på beste praksis, indikatorar og standardverdiar for referansemåling for bilprodusentar, medrekna produsentar av delar og komponentar, og for anlegg for handtering av kasserte køyretøy. Dokumentet bør innehalde tilvisingar til eksisterande retningslinjer for aspekt som er omfatta av andre politiske verktøy i Unionen, til dømes europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/53/EF⁽³⁾ eller referansedokumenta om beste tilgjengelege teknikkar (BAT), som er utarbeidd i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU⁽⁴⁾. Ut ifrå beste miljøstyringspraksis for sektoren bør dokumentet fastsetje konkrete tiltak for å betre den samla miljøstyringa til føretak i denne sektoren, medrekna direkte aspekt knytte til produksjonsprosessen og indirekte aspekt, som mellom anna er knytte til forvaltning av forsyningskjeda, med sikte på å fremje ein meir sirkulær økonomi.
- 4) For at organisasjonar, miljøkontrollørar og andre skal ha tilstrekkeleg tid til å førebu seg på å innføre det sektorvise referansedokumentet for bilindustrien, bør datoen då denne avgjerda tek til å gjelde, utsett med 120 dagar frå kunngjeringsdatoen i *Tidend for Den europeiske unionen*.
- 5) Ved utarbeidinga av det sektorvise referansedokumentet som er vedlegg til denne avgjerda, har Kommisjonen rådspurt medlemsstatane og andre aktørar i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 17 av 18.1.2019, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 174/2019 av 13. juni 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

⁽¹⁾ TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1.

⁽²⁾ TEU C 358 av 8.12.2011, s. 2.

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/53/EF av 18. september 2000 om kasserte kjøretøyer (TEF L 269 av 21.10.2000, s. 34).

⁽⁴⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU av 24. november 2010 om industriutslipp (integrrert forebygging og begrensning av forurensning) (TEU L 334 av 17.12.2010, s. 17).

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 49 i forordning (EF) nr. 1221/2009.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Det sektorvise referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, dei sektorspesifikke indikatorane for miljøprestasjon og standardverdiane for referansemåling av beste kvalitet for bilindustrien i medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009, er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 18. mai 2019.

Utfërda i Brussel 19. desember 2018.

For Kommissjonen

Jean-Claude JUNCKER

President

VEDLEGG

1. INNLEIING

Dette sektorvise referansedokumentet byggjer på ein detaljert rapport om vitskaplege og politiske aspekt⁽¹⁾ («Best Practice Report») som er utarbeidd av Det felles forskingscenteret til Europakommisjonen (FFS).

Relevant rettsgrunnlag

Fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) vart innført i 1993 ved rådsforordning (EØF) nr. 1836/93⁽²⁾, med frivillig deltaking for organisasjonar. Sidan den gongen har det vore gjort to større revisjonar av EMAS:

- europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001⁽³⁾,
- forordning (EF) nr. 1221/2009.

Eit nytt og viktig element i den siste revisjonen, som tok til å gjelde 11. januar 2010, er artikkel 46 om utarbeiding av sektorvise referansedokument. Dei sektorvise referansedokumenta skal innehalde opplysningar om beste miljøstyringspraksis (BEMP), sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og, der det er aktuelt, standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet og klassifiseringsordningar som slår fast nivåa for miljøprestasjon.

Korleis dette dokumentet skal forståast og nyttast

Ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) er ei ordning for frivillig deltaking for organisasjonar som har plikta seg til ei kontinuerleg betring av miljøet. Innanfor denne ramma gjev dette sektorvise referansedokumentet ei sektorspesifikk rettleiing for bilindustrien og inneheld ei rekkje alternativ for betring og beste praksis.

Dokumentet er utarbeidd av Europakommisjonen, som har innhenta synspunkt frå dei ulike aktørane. Ei teknisk arbeidsgruppe som er samansett av sakkunne og aktørar frå sektoren, har under leiing av FFS drøfta og til slutt vortne samde om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet, slik det er gjort greie for i dette dokumentet. Særleg vart standardverdiane for referansemåling rekna for å vere representative for dei miljøprestasjonsnivåa som er oppnådde av dei organisasjonane som gjer det best innanfor sektoren.

Føremålet med det sektorvise referansedokumentet er å hjelpe og støtte alle organisasjonar som har som mål å betre miljøprestasjonen sin, ved å gje dei idear og inspirasjon i tillegg til praktisk og teknisk rettleiing.

Dette dokumentet rettar seg først og fremst til organisasjonar som alt er EMAS-registrerte, dernest til organisasjonar som vurderer å registrere seg i EMAS seinare, og til sist til alle organisasjonar som ønskjer å lære meir om beste miljøstyringspraksis for å kunne betre miljøprestasjonen sin. Føremålet med dette dokumentet er difor å gjere det lettare for alle organisasjonar i bilindustrien å kunne samle seg om relevante miljøaspekt, både direkte og indirekte, og å finne opplysningar om beste miljøstyringspraksis, om høvelege sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon for å måle sin eigen miljøprestasjon og om standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet.

Korleis EMAS-registrerte organisasjonar bør ta omsyn til sektorvise referansedokument

I medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 skal EMAS-registrerte organisasjonar ta omsyn til sektorvise referansedokument på to ulike nivå:

1. Når dei utarbeider og gjennomfører miljøstyringsordninga si i lys av miljøgjennomgåingane (*artikkel 4 nr. 1 bokstav b*):

⁽¹⁾ Rapporten om vitskaplege og politiske aspekt er offentleg tilgjengeleg på nettstaden til FFS på følgjande adresse: <http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/documents/AgricultureBEMP.pdf>. Både konklusjonane om beste miljøstyringspraksis og bruksområdet deira, dei særlege sektorspesifikke indikatorane for miljøprestasjon som er utpeikte, og standardverdiane for referansemåling av beste kvalitet som inngår i dette referansedokumentet, byggjer på dei resultatane som det er gjort greie for i rapporten om vitskaplege og politiske aspekt. Alle bakgrunnsopplysningar og tekniske detaljar er å finne i rapporten.

⁽²⁾ Rådsforordning (EØF) nr. 1836/93 av 29. juni 1993 om frivillig deltaking for industriforetak i en miljøstyrings- og miljørevisjonsordning i Fellesskapet (TEF L 168 av 10.7.1993, s. 1).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 av 19. mars 2001 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (TEF L 114 av 24.4.2001, s. 1).

Organisasjonane bør nytte relevante delar av det sektorvise referansedokumentet både når dei utformar og gjennomgår miljømåla og -delmåla sine i samsvar med dei relevante miljøaspekta som er identifiserte i miljøgjennomgåinga og -politikken, og når dei avgjer kva tiltak som skal gjennomførast for å betre miljøprestasjonen sin.

2. Når dei utarbeider miljøfråsegna si (*artikkel 4 nr. 1 bokstav d*) og *artikkel 4 nr. 4*):

a) Organisasjonane bør vurdere dei relevante sektorspesifikke indikatorane for miljøprestasjon i det sektorvise referansedokumentet når dei vel ut kva indikatorar⁽⁴⁾ dei skal nytte i rapporteringa av miljøprestasjonen sin.

Når organisasjonen skal velje kva indikatorar som skal nyttast i rapporteringa, bør han ta omsyn til kva indikatorar som det er gjort greie for i det tilsvarende sektorvise referansedokumentet, og til kor relevante dei er når det gjeld vesentlege miljøaspekt som han har peikt ut i miljøgjennomgåinga si. Det skal takast omsyn til desse indikatorane berre dersom dei er relevante for dei miljøaspekta som er rekna som dei mest vesentlege i miljøgjennomgåinga.

b) Når organisasjonane rapporterer om miljøprestasjon og andre faktorar som gjeld miljøprestasjon, bør miljøfråsegna deira innehalde opplysningar om korleis det er teke omsyn til dei relevante beste miljøstyringspraksisane, og eventuelt til standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet dersom slike er tilgjengelege.

Dei bør gjere greie for korleis ein relevant beste miljøstyringspraksis og relevante standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet (som viser miljøprestasjonsnivået til dei organisasjonane som gjer det best) er nytta til å identifisere tiltak og åtgjerder, og eventuelt til å prioritere med sikte på å betre miljøprestasjonen (ytterlegare). Det er likevel ikkje obligatorisk å gjennomføre den beste miljøstyringspraksisen eller å oppfylle krava til referansemåling av beste kvalitet, ettersom EMAS er ei frivillig ordning som lét det vere opp til organisasjonane sjølve å vurdere om standardverdiene for referansemåling og gjennomføringa av beste praksis er realistisk med omsyn til kostnader og føremoner.

Sameleis som med indikatorane for miljøprestasjon bør organisasjonen vurdere om beste miljøstyringspraksis og standardverdiene for referansemåling av beste kvalitet er relevante og lét seg gjennomføre i samsvar med dei vesentlege miljøaspekta som organisasjonen har peikt ut i miljøgjennomgåinga si, i tillegg til at han bør vurdere tekniske og økonomiske aspekt.

Dei delane av dei sektorvise referansedokumenta (indikatorar, beste miljøstyringspraksis eller standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet) som ikkje vert rekna som relevante når det gjeld dei vesentlege miljøaspekta som organisasjonen har peikt ut i miljøgjennomgåinga si, bør ikkje rapporterast eller omtalast i miljøfråsegna.

EMAS-deltaking er ein kontinuerleg prosess. Kvar gong ein organisasjon planlegg å betre miljøprestasjonen sin (og gjennomgår miljøprestasjonen sin), skal han søkje på spesifikke emne i det sektorvise referansedokumentet for å kome fram til kva problemstillingar som han deretter skal gripe fatt i, i ei stegvis tilnærming.

EMAS-miljøkontrollørar skal kontrollere om og korleis organisasjonen har teke omsyn til det sektorvise referansedokumentet i utarbeidinga av miljøfråsegna si (*artikkel 18 nr. 5 bokstav d*) i forordning (EF) nr. 1221/2009).

⁽⁴⁾ I samsvar med del B bokstav e) i vedlegg IV til EMAS-forordninga skal miljøfråsegna innehalde «ei oppsummering av tilgjengelege data om miljøprestasjonen til organisasjonen sett i høve til miljømåla og -delmåla hans med omsyn til dei vesentlege miljøverknadene hans. Det skal rapporterast om dei grunnleggjande indikatorane og om andre relevante eksisterande indikatorar for miljøprestasjon, slik det er fastsett i del C.» I vedlegg IV — del C er det fastsett at «kvar organisasjon skal òg kvart år rapportere om prestasjonen sin når det gjeld meir spesifikke miljøaspekt slik han har gjort greie for i miljøfråsegna si, og ta omsyn til dei sektorvise referansedokumenta som er nemnde i artikkel 46, dersom slike finst tilgjengelege.»

Akkrediterte miljøkontrollørar som skal utføre ein revisjon, krev at organisasjonen skal kunne dokumentere korleis dei relevante delane i det sektorvise referansedokumentet er valde ut og tekne omsyn til i lys av resultatet av miljøgjennomgåinga. Dei skal ikkje kontrollere om det er samsvar med standardverdiene for referansemåling av beste kvalitet, men stadfeste dokumentasjonen som viser korleis det sektorvise referansedokumentet er nytta som eit hjelpemiddel til å identifisere indikatorar og høvelege frivillige tiltak som organisasjonen kan setje i verk for å betre miljøprestasjonen sin.

Ettersom deltaking i EMAS og bruk av sektorvise referansedokument er frivillig, bør det ikkje stillast urimelege krav til organisasjonen om å leggje fram slik dokumentasjon. Kontrollørane skal framfor alt ikkje kunne krevje ei individuell grunngjeving for kvar einskild form for beste praksis, for sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og for standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet som er nemnde i det sektorvise referansedokumentet, og som organisasjonen ikkje reknar for å vere relevante på grunnlag av miljøgjennomgåinga si. Dei kan likevel gjere framlegg om at organisasjonen vurderer andre relevante faktorar i framtida som ytterlegare dokumentasjon på at organisasjonen pliktar seg til kontinuerleg å betre miljøprestasjonen sin.

Oppbygginga av det sektorvise referansedokumentet

Dette dokumentet inneheld fem kapittel. Kapittel 1 inneheld ei innleiing om rettsgrunnlaget for EMAS og gjer greie for korleis dokumentet skal nyttast, medan kapittel 2 definerer verkeområdet for dette sektorvise referansedokumentet. Kapittel 3 og 4 inneheld ei kort framstilling av dei ulike formene for beste miljøstyringspraksis⁽⁵⁾ og opplysningar om bruksområdet deira, for høvesvis produksjonssektoren og sektoren for handtering av kasserte køyretøy. Dersom det kan utformast spesifikke indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet for ein bestemt beste miljøstyringspraksis, er det òg gjeve opplysningar om desse. Det har likevel ikkje vore mogleg å definere standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet for all slik praksis, anten fordi det ikkje finst tilstrekkeleg med tilgjengelege data, eller fordi visse vilkår hjå kvart føretak og/eller anlegg (ulike produksjonsprosessar ved kvart produksjonsanlegg, graden av vertikal integrasjon osv.) varierer såpass mykje at det ikkje gjev mening med ein standardverdi for referansemåling av beste kvalitet. Sjølv når slike standardverdiar vert gjevne, er dei ikkje meinte å skulle vere mål som alle føretak skal nå, eller ein målestokk for å jamføre miljøprestasjonen til alle føretak innanfor sektoren, men snarare eit mål for kva som er mogleg å oppnå, slik at kvart einskilt føretak kan vurdere dei framstega som er gjorde og verte motivert til å gjere det endå betre. Nokre av indikatorane og standardverdiene for referansemåling er relevante for meir enn éin beste miljøstyringspraksis og vert difor oppførte fleire gongar. Til sist inneheld kapittel 5 ein omfattande tabell med eit utval av dei mest relevante indikatorane for miljøprestasjon, med tilhøyrande forklaringar og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet.

2. VERKEOMRÅDE

Dette referansedokumentet handlar om miljøprestasjonen til bilindustrien og visse aspekt ved sektoren for handtering av kasserte køyretøy. Målgruppa for dette dokumentet er føretak innanfor bilindustrien som høyrer inn under følgjande NACE-kodar (i samsvar med næringsgrupperinga som er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006⁽⁶⁾):

- NACE 29.1 Produksjon av motorvogner
- NACE 29.2 Produksjon av karosseri til motorvogner
- NACE 29.3 Produksjon av delar og utstyr til motorvogner
- NACE 38.31 Demontering av vraka gjenstandar

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, er det to tilleggsaktivitetar som gjeld handtering av kasserte køyretøy, og som kan reknast som undergrupper innanfor fleire større område: Sortering og bearbeiding av avfall for materialattvinning (NACE 38.32, medrekna oppmaling av kasserte køyretøy) og engroshandel med avfall og skrap (NACE 46.77, medrekna demontering av kasserte køyretøy for innsamling og vidaresal av brukelege delar).


Dette referansedokumentet omfattar tiltak som bilprodusentar og produsentar av delar og komponentar til motorvogner kan gjennomføre for å betre energiytinga i heile verdikjeda for bilproduksjon, slik figur 1 viser. Dei viktigaste sektorane som er omfatta av verkeområdet for dette dokumentet, er utheva i figuren.

⁽⁵⁾ FFS har offentliggjort ein rapport med ei detaljert utgreiing om dei ulike formene for beste praksis, og med ei praktisk rettleiing om korleis dei skal gjennomførast. Rapporten er tilgjengeleg på internett: http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/documents/BEMP_CarManufacturing.pdf. Lesarane vert oppmoda om å lese denne rapporten dersom dei ønskjer å lære meir om nokre av dei formene for beste praksis som det er gjort greie for i dette referansedokumentet.

⁽⁶⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006 av 20. desember 2006 om innføring av en standard for næringsgruppering NACE Revisjon 2, og om endring av rådsforordning (EØF) nr. 3037/90 og visse EF-forordninger innenfor særlige statistikkområder (TEU L 393 av 30.12.2006, s. 1).

Figur 1

Oversikt over verksemda i verdikjeda for bilproduksjon



Verksemda til bilindustrien omfattar mange produksjonsstadium, mellom anna stanseverkstad, produksjon av karosseri, lakkeringsverkstad, framstilling av komponentar og delar, framstilling av framdriftssystem og understell, føremontering og innreiing, og ferdigmontering. I dette dokumentet er beste miljøstyringspraksisar utarbeidde på ein slik måte at dei kan nyttast på mange ulike typar anlegg. Med tanke på den store variasjonen når det gjeld vertikal integrasjon av den førnemnde verksemda innanfor det same anlegget, er det vanskeleg å evaluere og jamføre miljøprestasjonen mellom ulike anlegg, og difor må bruksområda og relevansen til beste praksis (og til indikatorar og standardverdiar for referansemåling) vurderast i lys av tilhøva ved kvart einskilt produksjonsanlegg.

Den følgjande tabellen (tabell 1) viser dei viktigaste direkte og indirekte miljøaspekta for bilindustrien og kva aspekt som er omfatta av dette referansedokumentet. I tillegg viser tabell 1 dei viktigaste miljøbelastningane som er knytte til dei mest relevante miljøaspekta, og korleis desse vert handterte i dette dokumentet: Dei er omtala anten i dei formene for beste miljøstyringspraksis som det er gjort greie for i kapittel 3 og 4, eller ved å vise til andre tilgjengelege referansedokument, til dømes referansedokumenta om beste tilgjengelege teknikkar (BREF-dokument)⁽⁷⁾, som det er vist til her ved å nytte koden deira).

(7) BREF-dokument: Referansedokument om beste tilgjengelege teknikkar. Fleire opplysningar om innhaldet i referansedokumenta om beste tilgjengelege teknikkar og fullstendig forklaring av omgrep, forkortingar og dokumentkodar, er å finne på nettstaden til Det europeiske byrået for integrert førebygging og avgrensing av ureining: <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/>.

Tabell 1

Dei viktigaste miljøaspekta og miljøbelastningane for bilindustrien, og korleis dei vert handsama i dette referansedokumentet

Viktigaste miljøaspekt	Tilknytt miljøbelastning					Beste miljøstyringspraksis (BEMP)
	Energi/klimaendring	Ressursar/avfall	Vatn	Utslepp	Biologisk mangfald	
Forvaltning av forsyningskjeda						Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av forsyningskjeda (avsnitt 3.6)
Konstruksjon og utforming						Beste miljøstyringspraksis for berekraftig utforming (avsnitt 3.6.3) Beste miljøstyringspraksis for refabrikasjon av komponentar (avsnitt 3.7.1)
Produksjons- og monteringsstadiet						
Stanseverkstad						Tilvising til beste miljøstyringspraksis for produksjonssektoren for metallprodukt ⁽¹⁾ Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av miljø, energi, avfall, vatn og biologisk mangfald (avsnitt 3.1, 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5)
Karosseri						Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av miljø, energi, avfall, vatn og biologisk mangfald (avsnitt 3.1, 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5)
Lakkeringsverkstad						Tilvising til beste tilgjengelege teknikkar i BREF-dokument for STS (overflatehandsaming med organiske løysemiddel) og STM (overflatebehandling av metall- og plastoverflater)
Framstilling av framdriftssystem og understell						Tilvising til beste miljøstyringspraksis for produksjonssektoren for metallprodukt Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av miljø, energi, avfall, vatn og biologisk mangfald (avsnitt 3.1, 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5)
Framstilling av andre komponentar						Tilvising til beste tilgjengelege teknikkar i BREF-dokument for FMP (jarnhaldige metall), SF (smier og støyperi), IS (jarn og stål), TAN (farger), GLS (glas), POL (polymerar), TXT (tekstilar) osv. Tilvising til beste miljøstyringspraksis for produksjonssektoren for elektrisk og elektronisk utstyr ⁽²⁾

Viktigaste miljøaspekt	Tilknytt miljøbelastning					Beste miljøstyringspraksis (BEMP)
	Energi/klimaendring	Ressursar/avfall	Vatn	Utslepp	Biologisk mangfald	
Produksjonslinjer						Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av miljø, energi, avfall, vatn og biologisk mangfald (avsnitt 3.1, 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5)
Infrastrukturen til anlegget						Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av miljø, energi, avfall, vatn og biologisk mangfald (avsnitt 3.1, 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5)
Bruksfasen						Utanfor verkeområdet, sjå figur 1
Stadiet for kasserte køyretøy						
Miljøsanering						Tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/53/EF og 2006/66/EF ⁽¹⁾ Beste miljøstyringspraksis for gjennomføring av ei avansert miljøstyringsordning (avsnitt 3.1.1) Beste miljøstyringspraksis for betre miljøsanering av køyretøy (avsnitt 4.2.1)
Berging og ombruk						Direktiv 2000/53/EF og 2006/66/EF (sjå tilvisingar ovanfor) Beste miljøstyringspraksis for gjennomføring av ei avansert miljøstyringsordning (avsnitt 3.1.1) Beste miljøstyringspraksis for nettverk for tilbakelevering av komponentar og materiale
Demontering og material- attvinning av komponentar						Direktiv 2000/53/EF og 2006/66/EF (sjå tilvisingar ovanfor) Beste miljøstyringspraksis for gjennomføring av ei avansert miljøstyringsordning (avsnitt 3.1.1) Beste miljøstyringspraksis for delar av plast og komposittmateriale (avsnitt 4.2.2)

Viktigaste miljøaspekt	Tilknytt miljøbelastning					Beste miljøstyringspraksis (BEMP)
	Energi/klimaendring	Ressursar/avfall	Vatn	Utslepp	Biologisk mangfald	
Handsaming etter fragmentering						Utanfor verkeområdet (tilvising til beste tilgjengelege teknikkar i BREF-dokument for WT (avfallshandtering), sjå figur 1

(1) Beste miljøstyringspraksis for produksjonssektoren for metallprodukt er no under utarbeiding, og ytterlegare opplysningar og oppdateringar er å finne på: http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/fab_metal_prod.html.

(2) Beste miljøstyringspraksis for produksjonssektoren for elektrisk og elektronisk utstyr er no under utarbeiding, og ytterlegare opplysningar og oppdateringar er å finne på: <http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/eeem.html>.

(3) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/66/EF av 6. september 2006 om batterier og akkumulatorer og brukte batterier og akkumulatorer, og om oppheving av direktiv 91/157/EØF (TEU L 266 av 26.9.2006, s. 1), òg kjent som «batteridirektivet».

Dei miljøaspekta som er oppførte i tabell 1, vart valde ut som dei mest relevante for sektoren. Kva miljøaspekt som skal handterast av dei einskilde føretaka, må likevel vurderast i kvart tilfelle.

Dessutan er gjennomføring av beste miljøstyringspraksis framleis ein frivillig prosess som må tilpassast den særlege situasjonen for kvar organisasjon. Difor er det viktig at aktørane prioriterer dei formene for beste miljøstyringspraksis som truleg vil vere mest nyttige for dei. Tabellen nedanfor viser dei spesifikke aktørane som dette dokumentet gjeld for, og som mest truleg vil finne nyttige døme på beste miljøstyringspraksis i kvart relevante avsnitt:

Tabell 2

Dei viktigaste aktørane for kvar gruppe av beste miljøstyringspraksis (X = hovudmål, (x) = kan òg vere relevant)

Område	Viktige aspekt	Aktørar					
		OEM-produzentar ⁽¹⁾	Primære leverandørar	Sekundære og andre leverandørar	Refabrikasjonsanlegg	Godkjente handsamingsanlegg ⁽²⁾	Fragmenteringsverk
PRODUKSJON	TVERRGÅANDE PRODUKSJON						
	Miljøstyring	X	X	X	X	X	(x)
	Energistyring	X	X	X	X	X	(x)
	Avfallshandtering	X	X	X	X	X	(x)
	Vassforvaltning	X	X	X	X	X	(x)
	Biologisk mangfald	X	X	X	X	X	(x)
FORSYNINGSKJEDE, UTFORMING OG REFABRIKASJON	Forvaltning av forsyningskjeda, logistikk og utforming	X	X	X			
	Refabrikasjon	(x)			X		

	Område	Viktige aspekt	Aktører					
			OEM-produzentar ⁽¹⁾	Primære leverandørar	Sekundære og andre leverandørar	Refabrikasjonsanlegg	Godkjente handsamingsanlegg ⁽²⁾	Frakteringsverk
HANDSAMING AV KASSERTE KØYRETØY	Logistikk for kasserte køyretøy	Innsamling				(x)	X	
	Handsaming av kasserte køyretøy						X	(x)

(1) OEM-produzentar = produsentar av originalt utstyr, dvs. køyretøyprodusentar når det gjeld bilindustrien.

(2) Godkjente handsamingsanlegg slik det er definert i direktiv 2000/53/EF om kasserte køyretøy.

3. BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS, SEKTORSPEISIFIKKE INDIKATORAR FOR MILJØPRESTASJON OG STANDARD-VERDIAR FOR REFERANSEMÅLING AV BESTE KVALITET FOR BILINDUSTRIEN

3.1. Beste praksis for miljøstyring

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvognar og tilhøyrande delar og komponentar, og er dessutan svært relevant for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

3.1.1. Gjennomføring av ei avansert miljøstyringsordning

Beste miljøstyringspraksis er å gjennomføre ei avansert miljøstyringsordning ved alle produksjonsstadene til føretaket. Dette gjer det mogleg med ei kontinuerleg overvaking og betring av alle dei viktigaste miljøaspekta.

Ei miljøstyringsordning er eit valfritt verktøy som hjelper organisasjonane med å utarbeide, gjennomføre, halde ved lag, gjennomgå og overvake miljøpolitikken sin og betre miljøprestasjonen sin. Avanserte ordningar kan gjennomførast i samsvar med ISO 14001-2015, eller helst EMAS, som begge er internasjonalt godkjende ordningar som er sertifiserte eller verifiserte av tredjemann, og som legg hovudvekta på kontinuerlege betring og referansmåling av miljøprestasjonen til organisasjonen.

Bruksområde

Ei miljøstyringsordning passar vanlegvis for alle organisasjonar og produksjonsstader. Miljøstyringsordninga kan ha ulikt verkeområde og ulik utforming alt etter kor stor og kompleks organisasjonen og dei tilhøyrande prosessane er, og alt etter kva spesifikke miljøverknader det dreier seg om. I nokre tilfelle kan det hende at visse aspekt ved vassforvaltning, biologisk mangfald eller ureining av jord ikkje vert omfatta av eller overvaka i dei miljøstyringsordningane som føretaka i bilindustrien har innført. Dette referansedokumentet (avsnitt 3.2, 3.3, 3.4 og 3.5) kan gje nyttig rettleiing om desse aspekta.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet
i1) Produksjonsstader med ei avansert miljøstyringsordning (% av anlegg/former for verksemd)	b1) Ei avansert miljøstyringsordning er gjennomført ved alle produksjonsstader i heile verda
i2) Talet på indikatorar for miljøprestasjon som er i allmenn bruk i heile organisasjonen, og/eller som det vert rapportert om i miljøfråsegnene.	
i3) Bruk av interne eller eksterne referansemålingar for å betre miljøprestasjonen (J/N)	

3.2. Beste praksis for energistyring

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar. Hovudprinsippa er òg svært relevante for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

3.2.1. Gjennomføring av detaljerte system for energiovervaking og -styring

Beste miljøstyringspraksis er å gjennomføre detaljert energiovervaking på prosessnivå ved alle produksjonsstader, saman med eit energistyringssystem som er sertifisert eller verifisert av tredjemann, for å oppnå best mogleg energiforbruk.

Energistyringsplanar for beste praksis omfattar følgjande aspekt, som er formaliserte i samsvar med ei styringsordning som krev organisatoriske betringar, til dømes ei ordning som er sertifisert etter ISO 50001 eller integrert i EMAS:

- Innføring av ein politikk, strategi og handlingsplan for energistyring.
- Aktive forpliktingar frå den øvste leiinga.
- Måling og overvaking av ytinga.
- Opplæring av personalet.
- Kommunikasjon.
- Kontinuerleg betring.
- Investering.

Bruksområde

Eit energistyringssystem som er sertifisert etter ISO 50001 eller integrert i EMAS, kan nyttast ved alle anlegg eller anleggsområde.

Innføring av detaljerte system for energiovervaking og -styring, kan vere føremålstenleg for alle produksjonsanlegg og bør vurderast på høveleg nivå for å fremje tiltak, sjølv om dette ikkje er naudsynt ut ifrå ein systematisk synsvinkel.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i4) Talet på produksjonsanlegg med detaljerte system for energiovervaking (tal eller % av anlegg/former for verksemd)	b2) Spesifikke energistyringsplanar er gjennomførte ved alle produksjonsstader (organisasjonsnivå) b3) Detaljert overvaking per prosess er gjennomført på staden (anleggsnivå) b4) Anlegget innfører styringsfunksjonar for energistyringa, til dømes for å stenge ned område av anlegget i periodar utan drift, for produksjonsstader med detaljert overvaking (produksjonsstadnivå)
i5) Talet på produksjonsanlegg med eit energistyringssystem som er sertifisert etter ISO 50001 eller integrert i EMAS (tal eller % av anlegg/former for verksemd)	

3.2.2. Meir effektive energibrukande prosessar

Beste miljøstyringspraksis er å sikre at høge nivå av energieffektivitet vert haldne ved lag, ved å gjennomgå energibrukande prosessar jamleg og vurdere alternativ for betre kontroll og styring, og for reparasjon og/eller utskifting av utstyr.

Viktige prinsipp som kan følgjast for å betre energieffektiviteten ved alle produksjonsanlegg, omfattar:

- Gjennomgåingar av energiytinga.
- Automatisering og tidsplanar for å redusere grunnbelastinga.
- Soneinndeling.
- Kontrollar for å avdekkje lekkasjar og tap.
- Isolasjon av røyr og utstyr.
- Installasjon av varmeattvinningssystem, til dømes varmevekslarar, dersom det er mogleg.
- Installasjon av kraftvarmeverk (kombinert varme- og kraftproduksjon).
- Ettermontering.
- Utskifting eller kombinerer av energikjelder.

Bruksområde

Dei teknikkane som er nemnde i denne beste miljøstyringspraksisen, kan i prinsippet nyttast for både nye anlegg og eksisterande installasjonar. Vanlegvis er potensialet for optimering likevel større for eksisterande installasjonar som har utvikla seg organisk gjennom mange år for å tilpasse seg nye og endra produksjonskrav, der synergieffektar og rasjonaliseringar kan gje tydelegare resultat.

Ikkje alle anlegg vil kunne innføre kraftvarmesystem: I anlegg med få krav til termiske prosessar eller oppvarming vil kraftvarme ikkje vere kostnadseffektivt.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i6) Gjennomføring av jamlege gjennomgåingar av system, automatisering, reparasjonar, vedlikehald og oppgraderingar (% av produksjonsstader)	—
i7) Samla energibruk (kWh) per funksjonell eining ⁽¹⁾	

(1) I denne og i fleire andre indikatorar tyder termen «funksjonell eining» ei eining for produksjonsmengd, aktivitet eller ressurs som kvar organisasjon nyttar for å vise kva som er mest relevant for den særlege situasjonen hans, (og som kan tilpassast alt etter produksjonsstad, miljøaspekt som vert vurdert, osv.). Typiske parametarar som vert nytta som funksjonelle einingar i industrien, (og som vanlegvis vert målte over ein referanseperiode på t.d. eitt år), er til dømes

- talet på produserte einingar (køyreteøy, motorar, girkassar, delar...)
- omsetning i euro
- meirverdi i euro
- produksjonsmengd i kg
- lønstakarar i heiltidsekvivalentar (HTE)
- talet på arbeidstimar

3.2.3. *Bruk av fornybar og alternativ energi*

Beste miljøstyringspraksis er å nytte fornybar energi som vert produsert på eller utanfor staden, for å dekkje energibehova til eit produksjonsanlegg for køyretøy.

Etter å ha gjort ein innsats for å redusere energibruken mest mogleg (sjå avsnitt 3.2.2), kan til dømes dei følgjande fornybare eller alternative energikjeldene vurderast:

- Fornybare energikjelder på staden, til dømes termisk solenergi, solcellepanel, vindturbinar, geotermisk energi, biomasse eller vasskraft.
- Alternative energikjelder på staden (eventuelt med lågare karbonutslepp), til dømes kraftvarmeverk eller kombinert produksjon av varme, avkjøling og kraft.
- Innkjøp av fornybar energi utanfrå, anten direkte eller gjennom større forsyningsnett.

Bruksområde

Gjennomføringsevna, kostnadene og den naudsynte teknologien vil variere mykje, alt etter dei lokale fornybare ressursane. Faktorar som er særigne for området og for sjølve produksjonsstaden, til dømes klima, terreng og jordbotn, skugge og eksponering og tilgjengeleg plass, varierer mykje og vil verke inn på om det er mogleg å produsere fornybar energi på staden. Byggjeløyve kan òg vere eit administrativt hinder i visse jurisdiksjonar.

Innkjøp av energi utanfrå er som regel enklare, anten gjennom partnerskap med energiprodusentar (til dømes på lokalt plan) eller ved å velje ei form for fornybar energi frå eit forsyningssselskap, noko som vert eit stadig meir vanleg tilbod i dei fleste medlemsstatane.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansmåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansmåling av beste kvalitet
i8) Prosentdel av produksjonsstadene som er vurderte for potensial for og mogleg bruk av fornybare energikjelder (%)	b5) Alle produksjonsstader er vurderte for mogleg bruk av fornybare energikjelder
i9) Prosentdel av sluttbruken av energi som kjem frå fornybare energikjelder og er produsert på staden (%)	b6) Energibruken er rapportert, med opplysningar om fossil og ikkje-fossil energi
i10) Energiforbruk frå fossilt brensel (MWh eller TJ) per funksjonell eining	b7) Det er innført ein politikk for å stimulere til auka bruk av fornybar energi

3.2.4. *Best mogleg lysgjeving i produksjonsanlegg for køyretøy*

Beste miljøstyringspraksis er å redusere energibruken til lysgjeving ved ein kombinasjon av optimal utforming og plassering, bruk av effektiv lysgjevingsteknologi og strategiar for soneinndeling.

Ein integrert metode for best mogleg energieffektivitet for lysgjeving må ta omsyn til følgjande element:

- Romutforming: Bruk av dagslys, kombinert med kunstig lysgjeving der det er mogleg.
- Best mogleg plassering og spreining av lysarmaturar: Høgde og avstand mellom lysarmaturane, innanfor det som er mogleg av omsyn til vedlikehald, reingjering, reparasjonar og kostnader.
- Meir effektive innretningar for lysgjeving: Val av effektive tekniske løysingar (på systemnivå) som gjev tilstrekkeleg lys til å skape eit trygt arbeidsmiljø.

— Lysgjeving gjennom soneinndeling: Lyset vert slått på eller av etter behov og om nokon er til stades.

Ein kombinasjon av tiltaka ovanfor kan vere den mest effektive og omfattande måten å redusere energibruken til lysgjeving på.

Bruksområde

Denne beste miljøstyringspraksisen gjeld generelt, sjølv om det finst ulike former for lysgjevingsteknologi med ulike bruksområde og avgrensingar som kan gjere at nokre av dei er ueigna for bruk i visse arbeidsmiljø.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i11) Innføring av betre plasserte og meir energieffektive lyskjelder (% av områda med lysgjeving ved ein produksjonsstad, % av det samla talet på produksjonsstader)	b8) Dei mest energieffektive løysingane for lysgjeving tilpassa krava på kvar einskild arbeidsplass er gjennomførte på alle produksjonsstader
i12) Gjennomføring av strategiar for soneinndelt lysgjeving (% av områda med lysgjeving ved ein produksjonsstad, % av det samla talet på produksjonsstader)	b9) Ordningar for soneinndeling er innførte på alle produksjonsstader
i13) Energibruken til lysgjevingsutstyr ⁽¹⁾ (kWh/år for eit anlegg)	
i14) Gjennomsnittleg effektivitet for lysarmaturar i heile anlegget (lm/W)	

(¹) Dersom bruken er målt på detaljnivå.

3.2.5. Fornuftig og effektiv bruk av trykkluft

Beste miljøstyringspraksis er å redusere energiforbruket ved å kartleggje og vurdere bruken av trykkluft, ved å ha best moglege trykkluftanlegg og eliminere lekkasjar, ved å tilpasse tilbodet til behovet for trykkluft, ved å auke energieffektiviteten til kompressorar og ved energiutnytting av spillvarme.

Bruken av trykkluft kan optimerast i samsvar med ei rekkje tiltak på tre område:

- Tiltak på tilbodssida:
 - Unngå og slutte med feil bruk av trykkluft.
 - Gjennomgå bruken av trykkluftsverktøy.
 - Overvake og kontrollere behovet.
 - Setje i verk haldningsskapande program.
- Tiltak for distribusjonsnett og system:
 - Identifisere og redusere lekkasjar mest mogleg.
 - Redusere trykket.
 - Inndele i soner.
 - Bruke ventilar.
- Tiltak på behovssida:
 - Dimensjonere og styre kompressorsystemet etter behov.
 - Auke den samla energieffektiviteten til trykkluftanlegget.

- Utføre jamlege inspeksjonar av systemtrykket.
- Auke energieffektiviteten til viktige systemkomponentar.
- Utføre jamlege inspeksjonar av filter.
- Nytte energieffektive tørkeapparat og best mogleg drenering.
- Installere system for energiutnytting av spillvarme.

Bruksområde

Metodane for å gjere trykkluftanlegg meir energieffektive kan nyttast av alle føretak som har eit slikt system til rådvelde, utan omsyn til storleik.

Utskifting av trykkluftutstyr og eliminering av lekkasjar gjeld generelt for alle system, utan omsyn til alderen og den noverande tilstanden til systemet.

Når det gjeld best mogleg utforming av systema, er tilrådingane særleg relevante for system som er påbygde gjennom fleire tiår — og ein reknar med at denne metoden kan nyttast for minst 50 % av alle trykkluftanlegg.

Når det gjeld bruk av spillvarme, er det eit kontinuerleg behov for prosessvarme for å verkeleggjere dei eksisterande potensiala for energi- og kostnadssparing.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i15) Elektrisitetsbruk i trykkluftanlegget per volumeining på staden for sluttbruk (kWh/m ³ levert trykkluft)	b10) Energibruken til trykkluftanlegget er lågare enn 0,11 kWh/m ³ levert trykkluft for store installasjonar som vert drivne ved eit overtrykk på 6,5 bar, med volumstraumen normalisert ved 1 013 mbar og 20 °C, og trykkavvik på høgst 0,2 bar b11) Når alle luftforbrukande innretningar er slegne av, har nettet framleis eit stabilt trykk, og kompressorane (i kviletilstand) koplpar seg ikkje om til belastningstilstand

3.2.6. Best mogleg bruk av elektrisk motor

Beste miljøstyringspraksis er å redusere elektrisitetsforbruket gjennom best mogleg bruk av elektriske motorar, særleg ved å nytte turtalsregulatorar til å tilpasse turtalet etter behov, særleg til bruk i til dømes pumper.

Elektriske motorar finst i dei fleste produksjonsprosessar og kan optimerast for å verte meir effektive. Blant innleiande steg kan det undersøkjast om belastinga på motorane kan gjerast mindre, og straumkvaliteten, motorstyrefunksjonane og motor- og overføringseffektiviteten kan gjennomgåast. Utskifting kan vurderast, ettersom moderne, energieffektive motorar kan redusere energiforbruket med opptil 40 % jamført med eldre modellar.

Når det gjeld innretningar med variabel fart eller belastning, er det endå betre å installere turtalsregulatorar for å tilpasse motordrifta elektronisk med minst mogleg tap. Dette er særleg relevant, og har størst potensial for sparing når det gjeld vanlege innretningar som til dømes pumper og vifter. Kort tilbakebetalingstid gjer ofte at slike investeringar vert økonomisk attraktive.

Bruksområde

Før betringspotensialet til optimeringa kan vurderast, må typen belastning vurderast og ein eigna elektrisk motor veljast. Ettermontering har det største potensialet for optimering, etter at det er vurdert om det kan installerast ein motor med lågare nominell effekt (dersom belastninga vert redusert), samstundes som det vert teke omsyn til mellom anna storleik, vekt og startkapasitet. Det er mogleg å optimere drifta ved å tilpasse valet av motor best mogleg til bruken òg ved nykonstruksjon eller nye innkjøp.

Når det gjeld installasjon av turtalsregulator, må det takast omsyn til dei viktigaste negative verknadene, som er harmonisk forvrenging, kjøleproblem ved låg fart og mekanisk resonans ved visse turtal.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i16) Prosentdel av elektriske motorar med installert turtalsregulator (% av samla installert effekt eller av samla tal)	—
i17) Prosentdel av pumper med installert turtalsregulator (% av samla installert effekt eller av samla tal)	
i18) Gjennomsnittleg effektivitet av pumper (%)	

3.3. Beste miljøstyringspraksis for avfallshandtering

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar, og er dessutan svært relevant for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

3.3.1. Førebygging og handtering av avfall

Beste miljøstyringspraksis er å innføre ein overordna strategi for avfallshandtering i organisasjonen med høge mål for størst mogleg avfallsreduksjon, og å nytte strategien på produksjonsstadene i form av tilpassa avfallshandteringsplanar som tek sikte på å minimere avfallsproduksjonen under drift og etablere strategiske partnarsskap for å finne marknader til dei avfallsfraksjonane som står att.

Ein effektiv strategi for avfallshandtering i organisasjonen tek sikte på å unngå slutthandsaming ved å følgje avfallshandteringshierarkiet⁽⁸⁾, dvs. i prioritert rekkjefølgje:

- Reduksjon av avfallsmengda gjennom langsiktig planlegging, lenging av levetida til produktet før det vert til avfall, betre produksjonsmetodar og handtering av avfallet i forsyningskjeda.
- Ombruk av materialane i noverande form.
- Attvinning ved å innføre
 - innsamling og sortering,
 - måling og overvaking av avfallsproduksjonen,
 - prosedyrar og metodar,

⁽⁸⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF av 19. november 2008 om avfall og om oppheving av visse direktiver (TEU L 312 av 22.11.2008, s. 3), kjent som rammedirektivet om avfall, innfører ei prioriteringsrekkjefølgje for tiltak for reduksjon og handtering av avfall. Dette er kjent som avfallshandteringshierarkiet. I hierarkiet er avfallsførebygging sett høgast, deretter kjem ombruk av avfall, deretter materialattvinning, og til sist (energi)utnytting av avfallsfraksjonar som ikkje kan førebyggjast, nyttast om att eller attvinnast. Slutthandsaming skal berre vurderast når ingen av dei føremnde alternativa er moglege.

- innføring av avfallslogistikk,
- partnerskap og medverknad frå aktørane si side.
- Utnytting av energi frå avfall gjennom forbrenning eller meir avanserte teknikkar.

Bruksområde

I visse regionar kan ein avgrensa lokal infrastruktur og lokale føresegner for slutthandsaming vere til hinder for å unngå at avfall vert sendt til deponering. I slike tilfelle er samarbeidet med lokale aktørar ein viktig del av avfallshandteringsplanen.

Når det best eigna alternativet for avfallshandtering skal veljast, må det takast omsyn til både logistikk, materialeigenskapar og økonomisk verdi.

Små og mellomstore føretak har ikkje alltid råd til å klare dei kapitalkostnadene som visse avfallsreducerande teknikkar krev i form av nytt utstyr, opplæring eller programvare.

Til sist kan svært ambisiøse mål, til dømes det å slutte heilt med deponering av avfall, vere uråd å nå for visse produksjonsanlegg, alt etter i kor stor grad prosessane til anlegget er vertikalt integrert.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i19) Produksjon av avfall per funksjonell eining (kg/funksjonell eining)	
i20) Produksjon av farleg avfall per funksjonell eining (kg/funksjonell eining)	
i21) Avfall sendt til spesifikke avfallsstraumar, medrekna materialattvinning, energiutnytting og deponering (kg/funksjonell eining, % samla avfall)	b12) Det er innført planar for avfallshandtering [på alle produksjonsstader]
i22) Utarbeiding og gjennomføring av ein overordna avfallsstrategi med overvaking og mål for betringar (J/N)	b13) Det er ikkje sendt avfall til deponering frå noka form for verksemd eller frå nokon produksjonsstad, verken med eller utan produksjon
i23) [For organisasjonar med fleire produksjonsstader] Talet på produksjonsstader som har innført avanserte planar for avfallshandtering (tal)	
i24) [For organisasjonar med fleire produksjonsstader] Talet på produksjonsstader som har slutta heilt med deponering av avfall (tal)	

3.4. Beste miljøstyringspraksis for vassforvaltning

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar. Hovudprinsippa er òg svært relevante for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

3.4.1. Strategi og forvaltning av vassbruk

Vassforvaltning er eit emne som vekker aukande grad av uro, og som ofte ikkje er nærmare omfatta i standardiserte miljøstyringsordningar. Beste miljøstyringspraksis er difor å gjennomføre overvaking og å gjennomgå spørsmål om vassforsyning i samsvar med ei godkjend konsolidert ramme for vassforvaltning som gjer det mogleg for organisasjonane å

- vurdere bruk og utslepp av vatn,
- vurdere risikoar for lokale vassdrag og for forsyningskjeda,
- utarbeide ein plan for korleis vatn kan nyttast meir effektivt og utsleppa av spillvatn kan betrast,
- samarbeide med forsyningskjeda og andre organisasjonar,

- halde organisasjonen og andre ansvarlege,
- offentleggjere resultat.

Bruksområde

Vassforvaltning er eit tema som inneber store lokale variasjonar: Det same nivået av vassforbruk kan leggje eit ekstremt press på dei tilgjengelege ressursane i område med knapp tilgang på vatn, medan det ikkje ville utgjere noko problem i område med rikelege vassressursar. Difor må den innsatsen til føretaka når det gjeld vassforvaltning, stå i eit rimeleg høve til den lokale situasjonen.

Det finst fleire utfordringar i samband med innsamling av tilstrekkelege data for å kunne gjere ei fullstendig konsekvensvurdering når det gjeld vatn. Organisasjonane bør difor prioritere innsatsen sin og leggje størst vekt på dei prosessane, områda og produkta som er mest vasskrevjande, og på dei som er å finne i område med høg risiko for knappe vassressursar.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i25) Vassbruk per funksjonell eining (m ³ /funksjonell eining)	b14) Innføring av ein vasstrategi i samsvar med eit godkjent verktøy, til dømes FN-initiativet CEO Water Mandate, som omfattar ei vurdering av knappe vassressursar
i26) Produksjonsstader som har gjennomført ei vurdering av vasstrategien (% av anlegg/former for verksemd)	
i27) Produksjonsstader som overvakar vassbruken (%)	b15) Vassbruk på staden vert målt per produksjonsstad og per prosess, og eventuelt ved bruk av automatisert programvare
i28) Produksjonsstader som har separate vassmålarar for produksjonsprosessar og for sanitær bruk (%)	

3.4.2. *Mogleg vassparing ved bilfabrikkar*

Beste miljøstyringspraksis er å redusere vassbruken mest mogleg ved alle produksjonsanlegg ved jamleg å vurdere gjennomføringa av vassparande tiltak og sikre at dei fleste produksjonsmetodane og apparata er klassifiserte som svært effektive.

Potensialet for vassparing i heile anlegget⁽⁹⁾ kan oppnåast gjennom følgjande tiltak:

- Unngå bruk av vatn ved
 - feing av alle område før spyling,
 - tetting av lekkasjar,
 - bruk av alternativ til væskeringpumper.
- Redusere bruken av vatn ved
 - meir effektive arbeidsprosessar,
 - installasjon av strøymingsregulerande ventilar på forsyningsleidningane til vasskranane,
 - vassparande dyser til skyljing og spyling,
 - tidsbrytarar til skyljing,

⁽⁹⁾ Denne beste miljøstyringspraksisen gjeld ikkje spesifikt for lakeringsverkstader (der det er mogleg å spare mykje vatn), ettersom det finst retningslinjer tilgjengeleg i dei relevante BREF-dokumenta (STS, STM).

- vassparande innretningar for personalet,
- reingjeringsprosessar med ultralyd,
- motstraumsskyljing,
- mellomskyljing.

Bruksområde

Vassparande innretningar kan nyttast i mange samanhengar og har ingen negativ innverknad på ytinga dersom dei vert valde ut og installerte på rett måte.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i25) Vassbruk per funksjonell eining (m ³ /funksjonell eining)	b16) Alle nye produksjonsstader er utstyrte med vassparande sanitære innretningar, og vassparande innretningar er ettermonterte ved alle eksisterande produksjonsstader
i29) Prosentdel av drifta ved eksisterande produksjonsstader der vassparande sanitære innretningar og prosessar er ettermonterte (%)	
i30) Prosentdel av nye produksjonsstader som er utstyrte med vassparande innretningar og prosessar (%)	

3.4.3. Attvinning av vatn og oppsamling av regnvatn

Beste miljøstyringspraksis er å unngå eller fjerne bruken av vatn av høg kvalitet i prosessar der dette ikkje er naudsynt, og å oppfylle dei attståande behova ved å nytte meir ombruk og resirkulering.

For mange bruksområde, til dømes som kjølevatn, til spyling av toalett og urinalar, vask av køyretøy/komponentar og kontinuerleg vatning av andre område enn dyrkingsområde, er det mogleg å byte ut drikkevatt eller anna vatn av høg kvalitet med resirkulert vatn frå oppsamla regnvatt eller vatn som er attvunne frå annan bruk.

Installasjon av desse systema krev vanlegvis følgjande element:

- For system for attvinning av spillvatn:
 - tankar til førehandsaming,
 - reinsesystem,
 - pumpeanlegg.
- For system til oppsamling av regnvatt:
 - oppsamlingsområde,
 - overføringssystem,
 - lagringsanlegg,
 - distribusjonssystem.

Bruksområde

System for attvinning av vatn kan installerast i alle nye bygningar. Ettermontering av slike system i eksisterande bygningar er dyrt og kan vere upraktisk, med mindre bygningen gjennomgår omfattande rehabilitering.

Den økonomiske lønsemda av system for oppsamling av regnvatt er svært avhengig av klimaet.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i25) Vassbruk per funksjonell eining (m ³ /funksjonell eining)	b17) Resirkulering av vatn i «lukka krinsløp» er gjennomført med ein attvinningsgrad på minst 90 % der det er mogleg
i31) Installasjon av system for attvinning av spillvatn (J/N)	
i32) Installasjon av system for attvinning av regnvatn (J/N)	b18) 30 % av behovet for vatn er oppfylt med oppsamla regnvatn (i regionar med tilstrekkeleg nedbør)
i33) Årleg mengd av regnvatn og attvunne spillvatn som vert nytta (m ³ /år)	
i34) Prosentdel av den samla vassbruken som er attvunne regnvatn eller spillvatn (%)	

3.4.4. Grøne tak for handtering av regnvassoverløp

Beste miljøstyringspraksis er å installere eller ettermontere grønne tak på industribygningar, særleg i område med sårbart miljø der det er viktig å regulere avrenninga ved regnvassoverløp.

Installasjon av grønne tak der konstruksjonen gjer dette mogleg, kan medverke til å nå følgjande mål:

- Demping av vassmengda, særleg ved ekstreme vêrtilhøve.
- Lengre levetid for taket (reduert materialforbruk).
- Isolerande effekt (reduert energiforbruk til oppvarming, ventilasjon og luftkondisjonering).
- Bevaring av det biologiske mangfaldet.
- Bete vasskvalitet.

Bruksområde

Grønne tak kan nyttast i mange eksisterande og nye bygningskonstruksjonar, men i praksis er det få stader som passar til å ta i bruk ei slik løysing på eit breiare grunnlag. Avgrensingane omfattar den faktiske risikoen for stormar, avgrensingar i bygningsstrukturen, soltilhøve, fukt, fuktisolering, eksisterande taksystem og handtering av oppsamla regnvatn.

Dessutan må bruken av taket vegast opp mot annan miljøvenleg bruk, til dømes installasjon av solenergisystem (solvarme/solcellepanel) og innstrøying av dagslys.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i35) Prosentdel av produksjonsstader som passar til grønne tak, og som har fått installert grønne tak (%)	—
i36) Vasslagringskapasiteten til det grønne taket: prosentdel av vassbindings-evne (%), overvatn (m ³)	
i37) Kjøleeffekt: redusert energibehov for oppvarming, ventilasjon og luftkondisjonering (MJ)	
i38) Kvalitative indikatorar på biologisk mangfald (t.d. talet på artar som lever på taket), avhengig av lokale tilhøve	

3.5. Beste miljøstyringspraksis for forvaltning av biologisk mangfald

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar. Hovudprinsippa er òg svært relevante for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

3.5.1. Gjennomgåing av og strategi for forvaltning av økosystem og biologisk mangfald i heile verdikjeda

Beste miljøstyringspraksis er å gjennomgå forvaltninga av økosystemet, slik at verknadene av økosystemtenestene i heile verdikjeda vert lette å forstå, og å samarbeide med relevante aktørar for å redusere eventuelle problem mest mogleg.

Organisasjonane kan nytte metodar som til dømes Corporate Ecosystem Services Review (som er utarbeidd av World Resources Institute i samarbeid med WBCSD – World Business Council for Sustainable Development), som omfattar fem steg:

- Velje verkeområde.
- Identifisere økosystemtenester som skal prioriterast (kvalitative tenester).
- Analysere tendensar for prioriterte tenester.
- Identifisere forretningsrisikoar og -utsikter.
- Utarbeide strategiar.

Bruksområde

Gjennomgåingar av økosystem kan enkelt gjennomførast av føretak i alle storleikar, med varierende grad av detaljar og djupn i forsyningskjeda. Metodane som det er gjort greie for, omfattar integrering av forvaltninga av biologisk mangfald på (miljø)styringsnivået til organisasjonen, og kan difor lett koplast saman med mange andre eksisterande prosessar og analyseteknikkar i føretaket, til dømes livsløpsvurderingar, arealforvaltingsplanar, økonomiske konsekvensanalysar, føretaksrapportar og vurderingar av berekraft.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i39) Bruk av metodar for å vurdere økosystemtenester i verdikjeda (J/N eller dekkingsområde i %)	b19) Økosystemet er gjennomgått på høgt nivå i heile verdikjeda, følgt av ei meir detaljert gjennomgåing av økosystemet i identifiserte høgrisikoarområde
i40) Dekking av det relevante verkeområdet, slik det er fastsett ved prioritering (J/N eller dekkingsområde i %)	b20) Det er utarbeidd strategiar for å avgrense problem i prioriterte område som er identifiserte i forsyningskjeda, i samarbeid med lokale aktørar og eksterne sakkunnige

3.5.2. Forvaltning av biologisk mangfald på produksjonsstaden

Beste miljøstyringspraksis er å betre dei direkte innverknadene på det biologiske mangfaldet på området til føretaket ved å måle, forvalte og rapportere om innsatsen for det biologiske mangfaldet, i samarbeid med lokale aktørar.

Tre viktige steg er avgjerande for å betre verknadene av biologisk mangfald på produksjonsstaden:

- Måling av biologisk mangfald for å kartlegge dei positive og negative verknadene som ein organisasjon har på biologisk mangfald, til dømes med vekt på arealbruk, miljøverknader og verneverdige artar. Beste praksis kan omfatte kartlegging av stadeigne former for biologisk mangfald eller risiko, medrekna vurdering av omkringliggjande område, og måling i samsvar med indikatorar og artslistar.

- Forvaltning og samarbeid med aktørar: Forvaltning av produksjonsstaden på ein måte som fremjar og held ved lag det biologiske mangfaldet, og gjennomføring av økologiske kompensasjonstiltak, i samarbeid med organisasjonar som er spesialistar på biologisk mangfald, og opplæring av personale og underleverandørar.
- Rapportering: Deling av informasjon med aktørar om verksemda, verknadene og ytinga til organisasjonen når det gjeld biologisk mangfald.

Bruksområde

Mange av metodane gjeld generelt og kan innførast når som helst under drifta ved produksjonsstaden. Eksisterande produksjonsstader kan ha liten eller slett ingen plass til nyutvikling, sjølv om nokre løysingar kan innførast på overflater som alt er i bruk (sjå avsnitt 3.4.4).

Eit problem som organisasjonane som gjennomfører denne beste miljøstyringspraksisen står overfor, er at dei områda som er sette av til å fremje biologisk mangfald, kan verte verna, noko som kan hindre framtidig bruk til eventuelle planlagde utvidingar på lengre sikt.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i41) Talet på samarbeidsprosjekt med aktørar for å handtere spørsmål om biologisk mangfald (tal)	b21) Det er utarbeidd ein omfattande plan for biologisk mangfald for å sikre at spørsmål som gjeld biologisk mangfald, vert innarbeidd på ein systematisk måte gjennom måling, overvaking og rapportering
i42) Det er innført prosedyrar/instrument for å analysere tilbakemeldingar om biologisk mangfald frå kundar, aktørar og leverandørar (J/N)	b22) Det er etablert eit samarbeid med sakkunnige og lokale aktørar
i43) Oversikt over jord eller andre område som føretaket eig, leiger eller forvaltar i eller i nærleiken av verna område eller område av høg verdi for det biologiske mangfaldet (m ²)	
i44) Det er innført ein plan for hagebruk som tek omsyn til det biologiske mangfaldet, for lokale eller andre område som føretaket eig, leiger eller forvaltar (J/N)	
i45) Indeks for biologisk mangfald (skal utarbeidast i samsvar med lokale tilhøve)	

3.6. Beste miljøstyringspraksis for utforming og forvaltning av verdikjeda

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar.

3.6.1. Fremjing av miljøbetringar i heile forsyningskjeda

Beste miljøstyringspraksis er å krevje at alle større leverandørar skal ha sertifiserte miljøstyringsordningar, fastsette mål for miljøkriterium og gjennomføre revisjonar høgrisikoleverandørar for å sikre at dei oppfyller krava. Dette kan støttast ved opplæring av og samarbeid med leverandørane for å sikre at miljøprestasjonen deira vert betre.

Leiande organisasjonar legg vinn på å betre miljøprestasjonen i leverandørkjeda si ved å

- spore materiale ved hjelp av det internasjonale systemet for materialdata (IMDS),

- krevje at direkte leverandørar har sertifiserte eller verifiserte miljøstyringsordningar,
- setje seg mål for miljøbetringar og samarbeide med primære leverandørar om korleis måla skal nåast (vanlegvis ved å redusere avfallsmengda og auke materialattvinninga, redusere energiforbruket og CO₂-utsleppa, auke prosentdelen av berekraftige materiale i innkjøpte komponentar og betre det biologiske mangfaldet),
- støtte leverandørane slik at dei kan betre miljøverknaden sin,
- overvake og handheve tiltaka.

Bruksområde

Mange OEM-produsentar krev at alle dei primære leverandørane deira skal godta dei same generelle åtferdsreglane som er integrerte i kjøpsavtalene. I første omgang kan det vere føremålstenleg å konsentrere seg om primære leverandørar som utgjer størstedelen av det samla innkjøpsbudsjettet, eller om dei som har størst miljøverknader. Revisjonar av primære leverandørar krev ein omfattande innsats som ofte er mogleg å gjennomføre berre for større organisasjonar som alt praktiserer ein nøye inspeksjon av verksemda til leverandørane. På lengre sikt kan krava utvidast til å gjelde fleire leverandørar.

Når det gjeld bruksområdet for beste praksis for dei primære leverandørane sjølve i staden for OEM-produsentane, bør leverandørane ta omsyn til den påverknadskrafta som organisasjonen kan ha for å skjerpe krava til eigne leverandørar, på bakgrunn av deira eigen storleik eller eiga kjøpekraft, og deira eiga relative vekt som kundar i leverandørane sin portefølje.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i46) Prosentdel av primære (direkte) leverandørar (etter tal eller etter innkjøpsbudsjett/-verdi) som oppfyller dei standardane som krevst i samsvar med intern eller ekstern revisjon (%)	b23) Alle større leverandørar skal ha innført ei miljøstyringsordning for å kunne få godkjent kjøpsavtaler b24) Det er fastsett miljøkriterium for kjøpsavtaler på alle område med miljøverknader
i47) Spørjeskjema for eigenvurdering er sende til direkte høgrisikoleverandørar (J/N)	b25) Alle direkte leverandørar har fått tilsendt spørjeskjema for eigenvurdering, og høgrisikoleverandørar vert reviderte av kundar eller tredjemann
i48) Utvikling og opplæring av direkte leverandørar er gjennomført (J/N)	b26) Utvikling og opplæring av direkte leverandørar er gjennomført b27) Det er fastsett prosedyrar for handheving av manglande etterleving

3.6.2. Samarbeid med leverandørar og kundar for å redusere emballasjemengda

Beste miljøstyringspraksis er å redusere og nytte om att emballasje til levering av materialar og komponentar.

Beste praksis byggjer på følgjande prinsipp:

- Redusere unødvendig emballasje, og samstundes sikre fullgod funksjonalitet (vern av delar, lett tilgang).
- Undersøkje om det finst alternative emballasjemateriale som anten er mindre ressurskrevjande eller enklare å nytte om att eller attvinne.

- Utarbeide ein omvend logistikk for retur av tom emballasje til leverandørar, eller for å ta tilbake emballasje frå kundane i eit lukka krinsløp.
- Undersøkje om det finst alternative bruksområde for eingongsemballasje, slik at disponering kan unngåast (høgare oppe i «avfallshandteringshierarkiet»⁽¹⁰⁾).

Bruksområde

Desse prinsippa gjeld generelt for all emballasje som er i bruk. Det faktiske bruksområdet for nyskapande løysingar vil vere avgrensa av leverandørane eller kundane sin vilje til å samarbeide om ordninga.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i20) Produksjon av avfall per funksjonell eining (kg/funksjonell eining)	—
i49) Produksjon av emballasjeavfall per funksjonell eining (kg/funksjonell eining)	
i50) Produksjon av emballasjeavfall per produksjonsstad eller vedlikehaldsgruppe (kg/produksjonsstad, kg/vedlikehaldsgruppe)	

3.6.3. Utforming med sikte på berekraft ved bruk av livsløpsvurderingar

Livsløpsvurderingar medverkar til å identifisere moglege betringar og avvegingar mellom ulike miljøverknader, og til å unngå at miljøbyrder vert overførte frå éin del av livsløpet til produktet til ein annan.

Beste miljøstyringspraksis er å gjennomføre omfattande livsløpsvurderingar i utformingsfasen for å gjere det lettare å fastsetje spesifikke mål for betring når det gjeld ulike miljøverknader og sikre at desse måla vert nådde, og for å støtte avgjerder som vert tekne ved bruk av verktøy for livsløpsvurdering med sikte på å

- sikre berekraftige ressursar,
- sikre minst mogleg bruk av ressursar i produksjons- og transportfasen,
- sikre minst mogleg bruk av ressursar i bruksfasen,
- sikre at produktet og komponentane er berekraftige nok,
- gjere det mogleg med demontering, sortering og reinsing,
- gjere det mogleg å jamføre ulike former for mobilitet.

Bruksområde

I prinsippet er det ingen grenser for bruken av livsløpsvurderingar til å ta godt grunnjevne avgjerder om utforming av køyretøy og innskilde delar og materiale. Men dei fleste små og mellomstore føretak manglar sakkunnskap og ressursar til å handtere etterspurnaden etter opplysningar om miljøprestasjonen til eit produkt under heile livssyklusen, og dei kan ha behov for ytterlegare støtte.

Dei noverande metodane for livsløpsvurdering kan òg vere mangelfulle, ettersom nokre kategoriar av miljøverknader ikkje er godt nok gjort greie for i desse metodane — til dømes tap av biologisk mangfald og indirekte verknader som følgje av at landbruksproduksjon må flyttast.

⁽¹⁰⁾ Sjå avsnitt 3.3.1.

Livsløpsvurdering kan vere eit lite effektivt verktøy for å jamføre køyretøy frå ulike OEM-produentar, ettersom grensene, parametrane og datasetta som vert nytta, kan variere mykje, sjølv når retningslinjene i ISO-standardar vert etterlevde. Dette var heller ikkje noko mål for verktøyet då det først vart utarbeidd. Når det gjeld miljøstyringsordningar som til dømes EMAS, er likevel livsløpsvurderingar svært nyttige for å måle kva betringar eit føretak kan oppnå for miljøprestasjonen til produkta sine, ofte ved å jamføre eit køyretøy med den føregåande køyretøymodellen i same produktgruppe.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i51) Gjennomføring av ei livsløpsvurdering av dei viktigaste produktgruppene for å støtte avgjerder om utforming og utvikling (J/N)	b28) Det er gjennomført ei livsløpsvurdering av dei viktigaste produktgruppene i samsvar med ISO 14040:2006 eller tilsvarende standardar
i52) Betringar i miljøindikatorane (CO ₂ , energiforbruk, ureining osv.) for utforming av nye modellar i dei viktigaste produktgruppene, jamført med tidlegare modellar (%)	b29) Det er fastsett mål for å sikre kontinuerlege betringar i miljøverknadene til nye køyretøykonstruksjonar
i53) Jamføring av ulike former for mobilitet (J/N)	

3.7. Beste miljøstyringspraksis for refabrikasjon

Dette avsnittet er relevant for produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar.

3.7.1. *Generell beste praksis for refabrikasjon av komponentar*

Ved å oppnå høgare nivå for refabrikasjon vert det lettare for føretaka å spare materiale og energi.

Beste miljøstyringspraksis er å auke graden av refabrikasjon, innføre prosedyrar for å sikre at refabrickerte delar held høg kvalitet, og samstundes redusere miljøverknadene og trappe opp verksemda slik at fleire komponentar vert omfatta.

Bruksområde

Refabrikasjon løner seg vanlegvis for produkt med høg vidaresalsverdi, og for nokre komponentar finst det alt ein marknad for dette (til dømes for startmotorar, generatorar osv.). På andre område der føresetnadene er meir kompliserte (til dømes for elektriske og elektroniske komponentar) er marknadene framleis på eit tidleg stadium i utviklinga, og potensialet for marknadsvekst er svært stort innanfor desse områda. Refabrikasjon kan òg vere nyttig i situasjonar der det framleis finst tidlegare produktgenerasjonar på marknaden som treng vedlikehald, men som ikkje lenger vert produserte.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i54) Nivå for refabrikasjon (vekt per komponent (%))	—
i55) Samla nivå for refabrikasjon (% av attvunne komponentar)	

4. BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS, SEKTORSPEISIFIKKE INDIKATORAR FOR MILJØPRESTASJON OG STANDARD-VERDIAR FOR REFERANSEMÅLING AV BESTE KVALITET FOR HANDSAMING AV KASSEKØYRETØY

4.1. Beste miljøstyringspraksis for innsamling av kasserte køyretøy

Dette avsnittet er relevant for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

4.1.1. *Nettverk for tilbakelevering av komponentar og materiale*

Beste miljøstyringspraksis er å ta i bruk effektive nettverk for tilbakelevering for å auke graden av ombruk, resirkulering og attvinning som er økonomisk mogleg ved handsaming av kasserte køyretøy. Dette inneber eit omfattande samarbeid mellom ulike aktørar i industrien for tilbaketaking av komponentar, samordning med andre avfallsstraumar der dette er mogleg, og opplæring og støtte.

Dei autoriserte handsamingsanlegga som ligg lengst framme, har gjennomført beste praksis ved å

- samarbeide med aktørar i industrien for å samordne sporing, innsamling og transport av komponentar og materiale, og for å sikre at dei rette stimulerings tiltaka er innførte for aktørar i kjeda,
- forvalte og stimulering til tilbakelevering av produkt,
- samordne med andre avfallsstraumar for å redusere administrative byrder og samle ekspertkunnskap,
- yte teknisk støtte og haldningsskapande tiltak.

Bruksområde

Det største potensialet for miljøvinstar ser ut til å liggje i innsamling av avansert teknologi med avgrensa driftstid (til dømes batteri til hybridkøyretøy eller til elektriske køyretøy), og av komponentar/materiale som det er mindre økonomisk attraktivt å demontere (til dømes komponentar av plast og glas). Når det gjeld å forvalte og stimulere til tilbakelevering av produkt, er bruken av alternative forretningsmodellar (dersom dei finst) avhengig av lokale føresegner, kundegrunnlag, geografisk spreining og typen produkt som det gjeld.

I nokre medlemsstatar kan tilbakeleveringsordningar vere utsette for konkurranse frå den uformelle sektoren for demontering av kasserte køyretøy.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i56) Prosentdel av spesifikke produkt eller materiale som er leverte tilbake gjennom nettverk for kasserte køyretøy (%)	b30) Det er etablert samarbeid og partnerskap med lokale/nasjonale organisasjonar for å opprette nettverk for tilbakelevering

4.2. **Handsaming av kasserte køyretøy**

Dette avsnittet er relevant for godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy.

4.2.1. *Betre miljøsanering av køyretøy*

Beste miljøstyringspraksis er å utføre grundig og obligatorisk miljøsanering av køyretøy ved bruk av spesialutforma utstyr der dette er mogleg. Omsynet til miljøet er relevant når det gjeld ureining av jord og vatn, og er i tillegg knytt til potensialet for å ta tilbake materiale for ombruk og attvinning.

Beste praksis er å innføre effektive ordningar for miljøsanering, til dømes

- utstyr for å bore hol i drivstofftankar på ein trygg måte og fjerne drivstoff hydraulisk,
- utstyr for å drenere/samle inn olje, hydrauliske væsker osv., og for å fjerne olje frå støytdemparar,
- verktøy for å fjerne katalysatorar,
- utstyr for å fjerne og lagre gassar frå klimaanlegg på ein trygg måte,
- utstyr for detonering av kollisjonsputer, og

— utstyr for fjerning av bilbeltestrammarar,
eller å nytte alternative metodar for å oppnå det same nivået for miljøsanering.

Bruksområde

Miljøsaneringsgraden vil vere påverka av om anlegget for handsaming av kasserte køyretøy spesialiserer seg på ein viss køyretøytype (til dømes etter storleik). Det vil òg vere krav til visse andre faktorar, til dømes kommersielle miljøsaneringsmaskiner i nokre tilfelle, eller tilstrekkelege lagrings- og handsamingsanlegg for å sikre at miljøsaneringa ikkje skadar miljøet.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i57) Prosentdel komponentar som vert fjerna (%)	b31) Det er innført eit sertifisert kvalitetsstyringssystem i organisasjonen
i58) Prosentdel resirkulerte væsker (%)	
i59) Installasjon av ei kommersiell miljøsaneringsmaskin eller utstyr med tilsvarende funksjonalitet (J/N)	
i60) Bruk av massebalanseringsteknikkar for å overvake graden av miljøsanering (J/N)	
i61) Innføring av eit kvalitetsstyringssystem (J/N)	

4.2.2. *Generell beste praksis for delar av plast og komposittmateriale*

Det finst i hovudsak to metodar for handsaming av delar av plast og komposittmateriale — demontering og resirkulering av komponentar, og handsaming etter fragmentering. Dei relative føremonene og ulempene ved desse metodane er i stor grad avhengige av tilgangen til fungerande teknologi for handsaming av kasserte køyretøy.

Beste miljøstyringspraksis er å evaluere føremoner og ulemper ut ifrå spesifikke opplysningar som er relevante for delar av plast og komposittmateriale. Leiande organisasjonar har innført resirkulering i lukka krinsløp for utvalde komponentar, og held fram med å utvikle nye område for å auke attvinningsgraden for køyretøya sine.

Bruksområde

Verkeområdet for beste praksis er å finne innanfor ramma av resirkulering, både før og etter fragmentering.

Samband mellom indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet

Indikatorar for miljøprestasjon	Standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet
i62) Mogleg innføring av livsløpsvurderingar for å fastsetje optimale handsamingsmåtar for materiale i samsvar med lokale faktorar (J/N)	—
i63) Prosentdel av komponentar som er handsama i samsvar med optimale livsløpsvurderingar (%)	

5. TILRÅDDE SEKTORSPEISIFIKKE NØKKELINDIKATORAR FOR MILJØPRESTASJON

Tabellen nedanfor viser eit utval av nøkkellindikatorar for miljøprestasjon for bilindustrien, saman med tilhøyrande standardverdiar for referansemåling og tilvising til dei relevante beste miljøstyringspraksisane. Dette er ei undergruppe av alle indikatorane som er nemnde i kapittel 3 og 4.

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
PRODUKSJON AV BILAR								
1	Produksjonsstader med ei avansert miljøstyringsordning	% av anlegg/former for verksemd	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på produksjonsstader med ei avansert miljøstyringsordning (t.d. EMAS-registrering eller ISO 14001-sertifisering, og slik det er gjort greie for i den beste miljøstyringspraksisen), dividert med det samla talet på produksjonsstader	Føretaksnivå	Energi-effektivitet Materialeffektivitet Vatn Avfall Biologisk mangfald Utslepp	Ei avansert miljøstyringsordning er gjennomført ved alle produksjonsstader i heile verda	BEMP 3.1.1
2	Talet på produksjonsanlegg med detaljerte system for energiovervaking	Tal på anlegg/former for verksemd % av anlegg/former for verksemd	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på produksjonsanlegg med tilstrekkelege system for energiovervaking. Dette kan òg uttrykkjast som ein del av det samla talet på anlegg i føretaket	Føretaksnivå	Energi-effektivitet	Spesifikke energistyringsplanar er gjennomførte ved alle produksjonsstader Detaljert overvaking per prosess er gjennomført på staden Anlegget innfører styringsfunksjonar for energistyringa, til dømes for å stengje ned område av anlegget i periodar utan drift, for produksjonsstader med detaljert overvaking	BEMP 3.2.1

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
3	Samla energibruk per funksjonell eining	kWh/funksjonell eining/år	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Årleg energibruk (oppvarming, kjøling og elektrisitet) på produksjonsstaden, dividert med den utvalde funksjonelle eininga (t.d. talet på produserte køyretøy)	Føretaksnivå	Energi-effektivitet	—	BEMP 3.2.2
4	Prosentdel av produksjonsstadene som er vurderte for potensial for og mogleg bruk av fornybare energikjelder	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Produksjonsstader som er vurderte for potensial for og mogleg bruk av fornybare energikjelder, dividert med det samla talet på produksjonsstader	Føretaksnivå	Utslepp	Alle produksjonsstader er vurderte for potensial for og mogleg bruk av fornybare energikjelder Det er innført ein politikk for å stimulere til auka bruk av fornybar energi	BEMP 3.2.3
5	Prosentdel av sluttbruken av energi frå fornybare energikjelder	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på fornybare energikjelder som er nytta (både energi produsert på staden eller innkjøpt), dividert med den samla energibruken på staden.	Føretaksnivå	Utslepp	Energibruken er rapportert, med opplysningar om fossil og ikkje-fossil energi	BEMP 3.2.3
6	Energibruken til lysgjevingsutstyr	kWh/år	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Årleg energibruk til lysgjeving, målt på anleggsnivå	Anleggsnivå	Energi-effektivitet Utslepp	—	BEMP 3.2.4

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
7	Innføring av betre plasserte og meir energieffektive lyskjelder	% av område med lysgjeving på ein produksjonsstad % av det samla talet på produksjonsstader	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Betre plasserte og meir energieffektive lysgjevings-system er innførte ved anlegget	Anleggsnivå	Energi-effektivitet Utslepp	Dei mest energieffektive løysingane for lysgjeving tilpassa krava på kvar einiskild arbeidsplass er gjennomførte på alle produksjonsstader	BEMP 3.2.4
8	Gjennomføring av strategiar for soneinndelt lysgjeving	% av område med lysgjeving på ein produksjonsstad % av det samla talet på produksjonsstader	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Lysgjeving gjennom soneinndeling, dvs. at lyset vert slått på eller av etter behov og om nokon er til stades i kvart av områda ved anlegget	Anleggsnivå	Energi-effektivitet Utslepp	Ordningar for soneinndeling er gjennomført på alle produksjonsstader i samsvar med nivåa for beste praksis	BEMP 3.2.4
9	Elektrisitetsbruk i trykkluftanlegget per volumeining på staden for sluttbruk	kWh/Nm ³ levert trykkluft, ved det spesifikke driftstrykket til trykkluftanlegget	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Elektrisitetsbruk per standard kubikkmeter trykkluft levert på staden for sluttbruk og ved det trykknivået som det er opplyst om	Anleggsnivå	Energi-effektivitet Utslepp	Trykkluftanlegget har ein energibruk på under 0,11 kWh/Nm ³ for eit trykkluftanlegg som fungerer med eit trykk på om lag 6,5 bar	BEMP 3.2.5
10	Tal på elektriske motorar med installerte turtalsregulatorar	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på motorar med installerte turtalsregulatorar, dividert med det samla talet på motorar. Som eit alternativ kan denne indikatoren òg reknast ut på grunnlag av den elektriske krafta til motorane med installerte turtalsregulatorar, dividert med den samla elektriske krafta til alle elektriske motorar	Anleggsnivå	Energi-effektivitet Utslepp	—	BEMP 3.2.6

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator(1)	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP)(2)
11	Produksjon av avfall per funksjonell eining	kg/funksjonell eining	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Samla mengd produsert avfall (både farleg og ikkje-farleg), dividert med dei utvalde funksjonelle einingane (t.d. talet på produserte køyretøy)	Anleggsnivå	Avfall	—	BEMP 3.2.7
12	Utarbeiding og gjennomføring av ein overordna avfallsstrategi med overvaking og mål for betringar	J/N	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Det er vedteke ein strategi for avfallshandtering på produksjonsstaden, med overvaking og mål for betringar	Anleggsnivå	Avfall	Det er innført planar for avfallshandtering [på alle produksjonsstader]	BEMP 3.3.1
13	Avfall sendt til spesifikke avfallsstraumar, medrekna attvinning, energiutnytting og deponering	kg/funksjonell eining	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Avfallsproduksjonen vert overvaka, og dei ulike avfallsmengdene som vert sende til resirkulering, energiutnytting og deponering, vert registrerte	Anleggsnivå	Avfall	Det er ikkje sendt avfall til deponering frå noka form for verksemd eller frå nokon produksjonsstad, verken med eller utan produksjon	BEMP 3.3.1
14	Vassbruk per funksjonell eining	L/funksjonell eining	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Samla vassbruk ved kvart anlegg, dividert med dei utvalde funksjonelle einingane (t.d. talet på produserte køyretøy)	Anleggsnivå	Vatn	Innføring av ein vassstrategi i samsvar med eit godkjent verktøy, til dømes FN-initiativet CEO Water Mandate, som omfattar ei vurdering av knappe vassressursar Vassbruk på staden vert målt per produksjonsstad og per prosess, eventuelt ved bruk av automatisert programvare Det er fastsett terskelverdiar for reduksjon av ureinande stoff i avløpsvatnet som er strengare enn dei lovfesta minstekrava	BEMP 3.4.1, 3.4.2 og 3.4.3

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
15	Prosentdel av drifta ved eksisterande produksjonsstader der vassparande innretningar og prosessar er ettermonterte	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på aktivitetar ved eksisterande produksjonsstader der vassparande innretningar og prosessar er ettermonterte, jamført med det samla talet på aktivitetar	Anleggsnivå	Vatn	Alle nye produksjonsstader er utstyrte med vassparande sanitære innretningar, og vassparande innretningar er ettermonterte ved alle eksisterande produksjonsstader	BEMP 3.4.2
16	Prosentdel av nye produksjonsstader som er utstyrte med vassparande innretningar og prosessar	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på nye produksjonsstader der vassparande innretningar og prosessar er ettermonterte, jamført med det samla talet på nye produksjonsstader	Anleggsnivå	Vatn	Alle nye produksjonsstader er utstyrte med vassparande sanitære innretningar, og vassparande innretningar er ettermonterte ved alle eksisterande produksjonsstader	BEMP 3.4.2
17	Prosentdel av den samla vassbruken som er attvunne regnvatn eller spillvatn	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Mengda vatn som vert nytta ved anlegget, som er attvunne frå produksjonsprosessar eller er oppsamla regnvatn frå eit oppsamlingsanlegg	Anleggsnivå	Vatn	Resirkulering av vatn i lukka krinsløp er gjennomført med ein attvinningsgrad på minst 90 % der det er mogleg 30 % av behovet for vatn er oppfylt med oppsamla regnvatn; gjeld berre regionar med tilstrekkeleg nedbør	BEMP 3.4.3

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator(1)	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP)(2)
18	Bruk av metodar for å vurdere økosystemtenester i verdikjeda	J/N % av dekkingsområdet til verdikjeda	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar	Det er gjort ei vurdering av økosystemtenestene i verdikjeda I tillegg kan det reknast ut i kor stor del av verdikjeda ei slik vurdering vert nytta på	Føretaksnivå	Biologisk mangfald	Økosystemet er gjennomgått på høgt nivå i heile verdikjeda, følgt av ei meir detaljert gjennomgåing av økosystemet i identifiserte høgrisiko område Det er utarbeidd strategiar for å avgrense problem i prioriterte område som er identifiserte i forsyningskjeda, i samarbeid med lokale aktørar og eksterne sakkunnige	BEMP 3.5.1
19	Talet på prosjekt eller andre former for samarbeid med aktørar for å handtere spørsmål om biologisk mangfald	Tal	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Talet på ulike samarbeidsprosjekt som er sette i verk med lokale aktørar og sakkunnige innanfor biologisk mangfald, kan overvakast	Anleggsnivå	Biologisk mangfald	Det er utarbeidd ein omfattande plan for biologisk mangfald for å sikre at spørsmål som gjeld biologisk mangfald, vert innarbeidd på ein systematisk måte gjennom måling, overvaking og rapportering Det er etablert eit samarbeid med sakkunnige og lokale aktørar	BEMP 3.5.2

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator(1)	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP)(2)
20	Prosentdel av primære (direkte) leverandørar som oppfyller dei standardane som krevst i samsvar med intern eller ekstern revisjon	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar	Prosentdel (etter talet på eller verdien av innkjøpte produkt) av primære (direkte) leverandørar som oppfyller dei standardane som krevst i samsvar med intern eller ekstern revisjon	Føretaksnivå	Energi-effektivitet Materialeffektivitet Vatn Avfall Biologisk mangfald Utslepp	Alle større leverandørar skal ha innført ei miljøstyringsordning for å kunne få godkjent kjøpsavtaler Det er fastsett miljøkriterium for kjøpsavtaler på alle område med miljøverknader Alle direkte leverandørar har fått tilsendt spørjeskjema for eigenvurdering, og høgrisikoleverandørar vert reviderte av tredjemann Utvikling og opplæring av direkte leverandørar er gjennomført Det er fastsett prosedyrar for handheving av manglande etterleving	BEMP 3.6.1
21	Produksjon av emballasjeavfall per funksjonell eining	kg/funksjonell eining	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar	Mengda produsert emballasjeavfall, dividert med dei utvalde funksjonelle einingane (t.d. talet på produserte køyretøy)	Anleggsnivå	Avfall	—	BEMP 3.6.2
22	Gjennomføring av ei livsløpsvurdering av dei viktigaste produktgruppene for å støtte avgjerder om utforming og utvikling	J/N	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar	Det er gjennomført ei livsløpsvurdering av dei viktigaste produktgruppene for å støtte avgjerder om utforming og utvikling	Føretaksnivå	Energi-effektivitet Materialeffektivitet Vatn Avfall Biologisk mangfald Utslepp	Det er gjennomført ei livsløpsvurdering av dei viktigaste produktgruppene i samsvar med ISO 14040:2006 eller tilsvarende standardar	BEMP 3.6.3

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
23	Betringar i miljøindikatorane (CO ₂ , energiforbruk, ureining osv.) for utforming av nye modellar i dei viktigaste produktgruppene, jamført med tidlegare modellar.	%	Produsentar av motorvogner og tilhøyrande delar og komponentar	Det er fastsett betringar i miljøindikatorane (CO ₂ , energiforbruk, ureining osv.) for utforming av nye modellar i dei viktigaste produktgruppene, jamført med tidlegare modellar Denne indikatoren vert nytta til å overvake betringane i dei ulike indikatorane for produktet	Føretaksnivå	Energi-effektivitet Materialeffektivitet Vatn Avfall Biologisk mangfald Utslepp	Det er fastsett mål for å sikre kontinuerlege betringar i miljøverknadene til nye køyretøykonstruksjonar	BEMP 3.6.3

HANDSAMING AV KASSETE KØYRETØY

24	Prosentdel av spesifikke produkt eller materiale som er leverte tilbake gjennom nettverk for kasserte køyretøy	% (produkt eller materiale som er utvunne/marknadsførte)	Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Mengd spesifikke produkt eller materiale som er leverte tilbake gjennom nettverk for kasserte køyretøy, dividert med det samla talet på handsama materiale frå kasserte køyretøy	Føretaksnivå	Avfall Material-effektivitet	Det er etablert samarbeid og partnerskap med lokale/nasjonale organisasjonar	BEMP 4.1.1
25	Innføring av eit kvalitetsstyringssystem	J/N	Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Det er innført eit sertifisert kvalitetsstyringssystem i organisasjonen som handsamar kasserte køyretøy	Føretaksnivå	Avfall Material-effektivitet	Det er innført eit sertifisert kvalitetsstyringssystem i organisasjonen	BEMP 4.2.1

Nr.	Tilrådd indikator	Felles eining	Viktigaste målgruppe	Kort omtale	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Standardverdi for referansemåling av beste kvalitet	Tilhøyrande beste miljøstyringspraksis (BEMP) ⁽²⁾
26	Installasjon av ei kommersiell miljøsaneringsmaskin eller utstyr med tilsvarende funksjonalitet	J/N	Godkjende anlegg for handsaming av kasserte køyretøy	Det er installert ei kommersiell miljøsaneringsmaskin eller utstyr med tilsvarende funksjonalitet på anlegget	Anleggsnivå	Samla årleg produksjon av avfall	—	BEMP 4.2.1
27	Mogleg innføring av livsløpsvurderingar for å fastsetje optimale handsamingsmåtar for materiale i samsvar med lokale faktorar	J/N	Godkjente handsamingsanlegg	Det er nytta livsløpsvurderingar for å fastsetje optimale handsamingsmåtar for materiale (demontering og resirkulering av komponentar, jamført med attvinning etter fragmentering), i samsvar med lokale faktorar	Føretaksnivå	Energi-effektivitet Materialeffektivitet Vatn Avfall Biologisk mangfald Utslepp	—	BEMP 4.2.2

⁽¹⁾ Dei grunnleggjande EMAS-indikatorane er oppførte i vedlegg IV til forordning (EF) nr. 1221/2009 (del C.2).

⁽²⁾ Tala viser til avsnitta i dette dokumentet.